



Austevoll kommune

Mottakere ifølge liste

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
17/253-17/15574JpID/MST	17/253		07.12.2017

Krav om at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vert brakt inn for slutthandsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet — pbl. § 8-4

Austevoll kommune viser til Hordaland fylkeskommunes brev, dagsett 21.11.2017, og stadfestar med dette at kommunens vesentlege innvendingar til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger står ved lag. Planen må derfor bringast inn for departementet for handsaming. Austevoll kommune ber om at utgreiinga nedanfor i sin heilskap vert førelagt departementet.

1. Krav om departementshandsaming av regional kystsoneplan

Hordaland fylkesting vedtok den 03.10.2017, med knapt fleirtal, ein kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Dette er i plan- og bygningslovas forstand å rekne som ein regional plan, jf. lovas kapittel 8.

Etter plan- og bygningslovas § 8-4 kan ein kommune som vert direkte råka av ein regional plan, og som har vesentlege innvendingar mot planens mål eller retningslinjer, krevje at saka vert brakt inn for departement. Departementet kan etter lova gjere dei endringar i planen som det er trong for.

Austevoll kommune har vesentlege innvendingar mot planens mål/retningslinjer. Det vert kravd at departementet gjer endringar i den regionale kystsoneplanen som er vedteken, alternativt at planvedtaket vert oppheva og sende tilbake til Hordaland fylkeskommune for fornya handsaming.

Austevoll kommune gav uttale då framlegg til plan vart lagt ut på offentleg høyring i 2015 og avgrensa høyring i 2017. Det vert vist til uttaler av 01.10.2015 og 12.05.2017. Dei forholda kommunen peika på i høyringsuttalene er i det vesentlege ikkje teke omsyn til i den vedtekne planen.

Den nærare grunngevinga for kommunens krav om departementshandsaming er gjort greie for nedanfor.

2. Kystsoneplanen grip utan tilstrekkeleg heimel i lov inn i kommunanes plankompetanse

Etter plan- og bygningslovas system er det kommunane som har ansvar for å arealdisponere dei ulike områda i kommunen. Det er kommuneplanens arealdel, og vedtekne reguleringsplanar, som fastset framtidig arealbruk og arealformålskategori for dei ulike områda i kommunen. Det vert blant anna vist til pbl. § 11-6 og § 12-4 om rettsverknad av kommuneplan og reguleringsplan.

Plan- og bygningslova § 8-5 inneheld ein regel om adgang til å fastsetje regionale planføresegner. Dette er reglane om fylkeskommunens adgang til å leggje ned rettsleg bindande forbod mot konkrete tiltak. Denne adgangen er ikkje nytta ved utarbeiding av kystsoneplanen.

Ein regional plan som ikkje inneheld regionale planføresegner etter § 8-5 har ikkje noko direkte rettsverknad. For regionale planar utan planføresegner har verken lov eller forskrift føresegner om arealplankart. Plan- og bygningslovas kapittel 8 nemner ikkje arealplankart i det heile tatt. I forskrift om kart og stadfesta informasjon, vert arealplan regulert med arealplankart for *endelig vedtatt arealplan*, jf. forskriftas kapittel 3. Endeleg vedteken arealplan er definert som *«arealplan med tilhørende bestemmelser som gjennom statlig regionalt eller kommunalt vedtak etter plan- og bygningsloven har fått rettsvirkning»*.

Rettskjeldene tilseier altså at ein regional plan, utan planføresegner, ikkje er føresett å ha noko plankart som fastset ulike arealformål. Det heiter rett nok i lovforarbeida at: *«Der hvor planen gir retningslinjer for arealbruken, legges det til grunn at realbruksformålene i § 11-7 eller hensynssonene i § 11-8 benyttes så langt de passer»*. Men dette er omtala under kommentarane for pbl. § 8-5 om regionale planar som har rettsleg bindande planføresegner i tillegg til retningslinjer. Der det berre er gjeve reine retningslinjer vil det ikkje på same måte vere rom for kartfesta arealdisponering som er meint å binde kommunanes utøving av mynde.

Den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger er ein regional plan, utan planføresegner. Planen har berre retningslinjer. Dette er ein plantype som ikkje er meint å gjere konkrete kartfesta arealdisponeringar som konkret bestemmer kva arealbruk som skal vere tillate — og kva arealbruk som *ikkje* skal vere tillate. Likevel er planen vedteken med eit plankart som, lest saman med retningslinjene, legg konkrete føringar og avgrensingar for arealbruken. Til dømes fastset planretningslinjene i § 3.1.2 at i kartfesta arealsone for *«landskapsområde»* så skal nye areal for akvakultur og større varige tekniske inngrep i hovudsak ikkje tillatast.

Denne type konkret arealdisponering for ulike areal er det som hovudregel kommunanes oppgåve å gjere. Den vedtekne kystsoneplanen bryt dermed med fordelinga av mynde fastsett i plan- og bygningslova. Kystsoneplanen med plankart må reknast som ein rettsleg *avart*. Den seier på den eine side at plankartet berre er retningsgjevande, og ei vurderingssone for kommunal planlegging. På den andre sida vert det gjort konkrete arealdisponeringar der visse typar arealformål ikkje kan tillatast i til dømes dei kartfesta landskapsområda. Det vert framheva at også planens retningslinjer *«... vil kunne vere utgangspunkt for motsegn frå regionale mynde»*. Då er i røynda kommunens autonomi som kompetent planmynde monaleg avgrensa på ein måte som ikkje er forankra i plan- og bygningslovas system.

Om den regionale planen tok konsekvensen av at retningslinjer og plankart berre er å rekne som *«vurderingssone for kommunal planlegging»*, jf. påskrift på plankartet, måtte retningslinjene vore utforma i samsvar med dette. Det burde stått at kommunane *vert bedne* om å vektlegge bestemte forhold og målsettingar i sine egne planprosessar. Det burde ikkje vore utforma slik det er no, nemleg som kartfesta arealdisponeringar av bestemte formål, med konkrete tilvisingar av kva som er tillate og ikkje tillate innanfor dei ulike sonene, og med utstrakt bruk av

imperativsformer som til dømes «skal konsekvensutgreiast», «skal i hovudsak ikkje tillatast», «Naustbygg skal vere maks 40 m²» osv. Denne type språkbruk burde berre gjelde rettsleg bindande planføresegner. Om planen vert ståande slik den er no, vil den i langt større grad enn det som er hensikta, kunne verta brukt som grunnlag for motsegn og avslag i konkret sakshandsaming frå ulike sektormynders side.

Fylkeskommunen kan ikkje i ein regional plan med retningslinjer fastsetje at bestemte arealformål ikkje er tillatne. Dette kan berre gjerast ved å fatte vedtak om regionale planføresegner etter pbl. § 8-5. Dette har Hordaland fylkeskommune ikkje gjort. Ein må då også late vere å kartfeste ulike formar for arealdisponering med retningslinjer om kva som er tillate og ikkje tillate.

Lovas forarbeid og planrettsleg litteratur føreset også at ein regional plan berre skal nyttast for saksforhold som er grenseoverskridande med omsyn til kommunegrensene, og som den enkelte kommune ikkje kan regulere på ein hensiktsmessig måte i eigne kommuneplanar og reguleringsplanar. Det vert her vist til Ot.Prp. nr. 32 (2007-2008) der det på s. 91 heiter som følger:

«Det er kommunene som har det primære ansvaret for og myndigheten til å planlegge arealbruken. Utvalget ser imidlertid at det er situasjoner og forhold som gjør det nødvendig å trekke opp retningslinjer for arealbruken over kommunegrensene for å sikre gode helhetlige løsninger. En fylkesdelplan kan etter utvalgets mening være en hensiktsmessig måte å organisere arbeidet rundt slike spørsmål på for å få vedtatt og godkjent retningslinjer om arealbruk som angår flere kommuner.»

I Pedersen m.fl. *Plan- og bygningsrett* heiter det tilsvarande på s. 152:

«Regionalplanen skal ta opp arealbruksspørsmål. Den skal konsentrere seg om å gi retningslinjer for bruken av arealer og naturressurser som får vesentlige virkninger ut over grensene for en kommune eller som en enkelt kommune ikke kan løse innenfor sitt område.»

I den vedtekne regionale planen går likevel fylkeskommunen mykje lenger i å gjere konkrete arealdisponeringar og forbod og påbod, enn det som er nødvendig for å gje retningslinjer om forhold av grenseoverskridande karakter. Kommunen vert dermed fråteke primæransvaret sitt for å fastsetje arealbruken i kommunen – og dermed også sin kommunale sjølvvråderett – i langt større grad enn kva reglane om bruk av regionale planretningslinjer føreset.

Når fylkeskommunen har valt å vedta ein regional plan med eit innhald og eit plankart som lova ikkje i tilstrekkeleg grad heimlar, og som går på tvers av plan- og bygningslovas system og kompetansefordeling, er dette noko som departementet vanskeleg kan avhjelpe ved å endre på planens retningslinjer. Etter forvaltingsretten er det mest nærliggjande at departementet opphevar fylkeskommunens planvedtak — og heimviser den til ny handsaming hos regional planmynde. I samband med dette kan departementet peike på kva endringar som er nødvendige for å omarbeide planen til ein regional plan i tråd med lovas fordeling av mynde. Ved ei ny handsaming kan fylkeskommunen rette opp dei manglane som pregar dagens plan.

I motsatt fall må departementet klargjere at statlege og regionale styresmakter ikkje kan nytte det såkalla «*retningsgjevande plankartet*», og arealdisponeringane i dette, som grunnlag for motsegn med omsyn til kommunale planvedtak eller som grunnlag for motsegn i enkeltsaker.

3. Den regionale kystzoneplanen omfattar landareal som ikkje har noko i ein kystzoneplan å gjere

I dette kapittelet vil Austevoll kommune peike på fleire manglar ved kystzoneplanen. Det som vert skrive her føreset i så måte at planen ikkje vert oppheva på grunnlag av manglane som kommunen har vist til i kapittel 2.

I det såkalla «*retningsgjevande plankartet*» som er utarbeidd som ein del av kystzoneplanen, er store landareal arealdisponerte til «*landskapsområde*». Blant anna er mesteparten av øyene Storekalsøy og Møkster lagt inn i kartets landskapsområde. Om ein tar retningslinjene § 3.1.2 på alvor så meiner fylkeskommunen at dette innber at «*større, varige tekniske inngrep*» ikkje skal tillatast på desse øyene. Den regionale planen kjem i konflikt med arealdisponering som kommunen har gjort i eigne arealplanar. Blant anna opnar kommuneplanens arealdel for tiltak i delar av dei områda som den regionale planen har definerte som landskapsområde.

Vidare har arealdisponering av større landareal ingenting i ein kystzoneplan å gjere. Ein regional kystzoneplan vil naturleg kunne ha retningslinjer for kommunens sjøområde, samt strandsona slik denne er definert i pbl. § 1-8. Å fastsetje retningslinjer for areal heilt inntil éin kilometer inn på land synast å vere lite treffande i ein kystzoneplan.

At ein i regional plan søker å arealdisponere ein kommunes areal, med konkrete kartfesta områder, der visse formar for arealbruk ikkje skal vere tillate, er dessutan også i seg sjølv å gå for langt inn på kommunanes kompetanse som lovleg planmynde. Det vert her vist til utgreiinga ovanfor.

Departementet vert bede om å endre den regionale kystzoneplanen slik at landareal som ikkje utgjør ein del av strandsona ikkje vert omfatta av kystzoneplanen. Landareal i strandsona, jf. pbl. § 1-8, må berre omfattast av ein kystzoneplan dersom det føreligg ei sakleg planfagleg grunngeving.

Fråværet av presisjon i fylkeskommunens arealdisponeringar og arealsoner viser seg også i at til dømes stader som Espevær og tettstader som Rosendal er lagt i verna landskapsområde. Ein vil anta at også stader utanfor Austevoll kommune, i løpet av planperioden, som er fastsett til ti år, vil ha trong for «*større, varige tekniske inngrep*». Dette gjev grunn til å stille spørsmål ved kvaliteten i dei planfaglege vurderingane som Hordaland fylkeskommune har gjort.

4. Planens landskapsområde i Austevoll er unødvendige — vedtekne landskapsvernområde og naturareal i kommuneplan gjev tilstrekkeleg vern

Austevoll kommune stiller også spørsmål ved føresetnadene for fastsetjing av dei kartfesta landskapsområda i kommunen. Ein kan vanskeleg sjå at omfanget av desse landskapsområda i tilstrekkeleg grad har sakleg grunngeving.

Det er kommunen som har lokalkunnskapen og som kjenner tilhøva best. Det er også kommunen som er den lovlege planmynde som med rettsverknad skal fastsetje framtidig arealbruk og arealformålscategori for dei ulike områda i kommunen.

Når det gjeld landskapsområdet ved Møkster, som ligg inne i kystzoneplanen, så er vern oppnådd gjennom dei natur- og sjøfuglreservata i Møkster-området som allereie er vedtekne etter naturvernlovgjevinga. Etableringa av dei eksisterande naturreservat er gjort ut frå kva behov dei

bestandane som skal vernast har. Dette er bygd på faglege vurderingar og naturreservata er gjennomgåande fastsett i kongelege resolusjonar. Det er også gjort planfaglege vurderingar i samband med vedtak av kommuneplanens arealdel.

Andre dømer, som landskapsvernområdet i kystsoneplanen som dekkjer monalege delar av Storekalsøy, vert også nemnt.

Fylkeskommunens landskapsområde legg beslag på langt større område enn det som er nødvendig, og legg unødvendige avgrensingar på kommunens fridom til å gjere planfagleg grunngeivne og gode arealdisponeringar i kommuneplan og reguleringsplan. Dette fordi det er truleg at ei kvar arealdisponering som ikkje er i samsvar med dei arealsonene som er fastsette av fylkeskommunen vil kunne verta møtt med motsegn, anten frå fylkeskommunen sjølv eller statlege tilsyns- eller sektormynde. Kommunens høve til å eigengodkjenne arealplanar vert derfor i realiteten sterkt avgrensa. Og sjølv om kommunen vil kunne ha gode planfaglege grunngeivingar for sine arealdisponeringar, så vil ein likevel risikere å verta møtt med motsegn med tilvising til den regionale kystsoneplanen.

Departementet vert derfor bede om å endre den regionale kystsoneplanen. Dersom departementet ikkje er einig med Austevoll kommune i at planen skal opphevast, er eit alternativ å endre den slik at berre allereie etablerte naturreservat og areal som i kommunens eigen kommuneplan er avsett til verna område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, vert gjeve særskild vernestatus i den regionale kystsoneplanen.

5. Planens avgrensing av akvakulturområde gjev ikkje grunnlag for vekst og utvikling av havbruksnæringa

I planprogrammet for ny regional kystsoneplan, som vart vedteke av fylkestinget i 2013, er dei plantemaa som grunngeiv behovet for ein regional kystsoneplan skildra. Dei næringsutfordringane som den regionale planen må medverke til å løyse er skildra på følgjande måte:

«Dagens laksenæring treng tilgang på gode produksjonsareal i sjø for å kunne vekse og for å kunne drive berekraftig. Det er ein utfordring å finne nye optimale areal og lokalitetar. Mange akvakulturområde i dei vedtekne kommuneplanane er for små, ikkje minst i høve til fortøyningsanlegga som er store og omfattande. Dette fører til at det må gjennomførast dispensasjonsprosess ved mindre justeringar for anlegga. Gjennom heilskapleg planlegging på regionnivå kan det lettare lagast ein overordna struktur for gode produksjonsareal (...)»

Også i føringane frå Stortinget og regjeringa er det lagt opp til at kommunane skal medverke til å legge til rette for nye areal for akvakultur.

Regjeringa fastsette i 2015 nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Her var det vektlagt at den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre fiskeri- og havbruksnæringanes langsiktige arealbehov. Det vart framheva at det må setjast av tilstrekkeleg areal til framtidig havbruk og at bruken av allereie tillatne areal må optimaliserast og miljøomsyn vektleggjast.

I Stortingsmelding nr. 16 (2014-2015) var det også framheva at arealplanlegginga «... skal legge til rette for å videreutvikle fiskeri- og havbruksnæringa innanfor en miljømessig bærekraftig ramme». I stortingsmeldinga heiter det også følgjande:

«Dagens lokalitetsstruktur er en medvirkende årsak til flere av fiskehelseproblemene oppdrettsnæringen har opplevd de senere årene. Eksempler på dette er lakselus og pankreas sykdom (PD), og da særlig på Vestlandet der tettheten av oppdrettsanlegg er størst.»

Dei sentrale styresmaktene føreset altså at det må leggjast til rette for å sikre nødvendige areal til at havbruksnæringa kan utvikle seg. Det vert også føreset at dagens lokalitetsstruktur ikkje nødvendigvis er den optimale for å sikre miljø og fiskehelse på beste måte.

Fylkeskommunens svar på framtidens utfordringar i den vedtekne planen er likevel å sementere dagens lokalitetsstruktur. I det retningsgjevande plankartet er alle område som er arealdisponerte til akvakultur eksisterande lokalitetar og akvakultur i eksisterande kommuneplanar. Å relansere fortidige løysingar som svar på framtidens arealutfordringar er svært lite offensivt og i dårleg samsvar med både planprogrammet for kystsoneplanen og føringar frå sentrale styresmakter. Når den regionale kystsoneplanen set av eksisterande lokalitetar til eksklusiv bruk for akvakultur, og slik i hovudsak berre atterspeglar innhaldet i allereie eksisterande kommuneplanar, må ein kunne spørje kva som eigentleg er formålet med den fylkeskommunale planen.

Rett nok har planen også avsett sjøområder i kategorien *«Sjø og vassdrag generelt (utvida omr. med AK)»*, men desse områda er anten plasserte så langt til havs at dei vanskeleg kan utnyttast til havbruk med dagens teknologi, eller inne i fjordar der det er andre utfordringar som i realiteten vil gjere det vanskeleg å bruke areala til akvakultur. Det er såleis ikkje gjort planmessige avklaringar som vil gjere det lettare for havbruksnæringa å realisere ny verksemd i desse områda. I planomtalen er det også føreset at bruken av havlokalitetar ikkje er meint å avhjelpe dagens havbruksnæring: *«Truleg ligg bruken av slike lokalitetar noko fram i tid (s. 28)»*. Det er også føreset at *«Område som ligg skjerna til kan vera tilgjengelege for bruk av lukka teknologi (s. 28)»*.

Planomtalen legg til grunn at eigna eksisterande lokalitetar kan få vekst mot at mindre eigna vert lagde ned. Men elles legg det opp til at dagens lokalitetsstruktur skal haldast uendra: *«Akvakulturanalysen konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur.»*

Ein regional plan som i all hovudsak berre sementerer det beståande er i realiteten ein plan som ikkje svarar på framtidens utfordringar og dei styringssignal som ligg i planprogrammet og føringar frå sentrale styresmakter. Austevoll kommune meiner at lokalitetsstrukturen i mange tilfelle må vurderast på nytt for nettopp å fremje berekraftig vekst på ein måte som både tek omsyn til næringas behov for nye areal og omsyn til miljøutfordringar. Den regionale kystsoneplanen, slik den no er utforma, gjev ikkje kommunen meningsfulle planfaglege avklaringar.

Kommunen vil derfor i sine framtidige arealplanar søke å ivareta næringas behov for areal, samstundes som omsyn til miljø og berekraftig vert ivaretatt. Her deler kommunen verkelegheitsoppfatning og ambisjonsnivå til Stortinget og regjeringa.

Ein ber også om at det vert lagt merke til at planen har eit tiårs perspektiv. Planen føreset at det vil *«... vere lite aktuelt å utvida produksjonskapasiteten i planområdet (s. 29)»*. Planomtalen viser til omsynet til villfisk og PO3 sin raude klassifisering i produksjonsområdeforskrifta. Austevoll kommune meiner likevel at regional planmynde ikkje bør føresetje at næringa ikkje klarar å løyse utfordringane knytt til lus dei neste ti åra. Skal ein planleggje for framtida må ein ta høgde for at desse utfordringane kan løysast også i PO3, og då tilseier trafikklyssystemet at

vekst kan kome i planområdet for den regionale planen.

At den regionale planen ikkje gjev noko bidrag til å løyse dagens arealutfordringar for havbruksnæringa, er vanskeleg noko som departementet kan avhjelpe ved å endre formuleringar i planens retningslinjer. Då må jo departementet i realiteten gjere planarbeidet på nytt. Dette tilseier at fylkeskommunens planvedtak bør opphevast — og heimvisast til fylkeskommunen for ny handsaming med føringar for dette arbeidet frå departementet.

Dersom ein skal fastsetje ei retningslinje som avhjelper manglane ved dagens plan, så bør det vere ei formulering i planretningslinjene § 3-3 som klargjer at regionale og statlege styresmakter bør avhalde seg frå å fremje motsegn mot akvakultur i arealsoner avsett til «*Sjø og vassdrag inklusiv akvakultur*». På same måte bør regionale og statlege styresmakter heller ikkje nekte løyve til søknad om akvakultur i arealsone avsett til «*Sjø og vassdrag inklusiv akvakultur*», med mindre det konkret kan dokumenterast forhold som tilseier at akvakultur ikkje er forsvarleg på den omsøkte lokaliteten.

6. Klargjering med omsyn til akvakulturregelverket og KU-reglane

Dersom departementet ikkje vil følgje Austevoll kommunes syn slik dette er presentert i kapittel 5 bør det gjerast ei klargjering som presiserer forholdet mellom denne planen og reglane i akvakulturlova og laksetildelingsforskriften.

Etter akvakulturlovas § 15 og laksetildelingsforskriftens § 30 kan ein ikkje gje løyve til klarering av akvakulturlokalitet dersom det er i strid med «*vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven*». I forarbeida til akvakulturlovas § 15 heiter det som følgjer:

*«Første ledd slår fast at tillatelse til akvakultur ikke kan gis i strid med vedtatte arealplaner eller vernetiltak. I forhold til planer etter plan- og bygningsloven er **det kun de planer som kan gis rettsvirkning etter plan- og bygningsloven som omfattes av denne bestemmelsen.** Departementets kompetanse til å tildele tillatelse til akvakultur begrenses således av planer med rettsvirkning etter plan- og bygningsloven og vernevedtak etter naturvernlov og kulturminnelov dersom den omsøkte akvakultur vil være i strid med disse. (Vår utheving.)»*

Ein regional plan, utan planføresegn etter § 8-5, har ikkje rettsverknad etter plan- og bygningslova. Rettsverknad av vedteken arealplan er definert i pbl. § 11-6 og § 12-4. Den regionale kystzoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger som er vedteken av Hordaland fylkeskommune er ikkje ein arealplan som kan gjevast rettsverknad etter plan- og bygningslova. Dette betyr at søknader om akvakulturlokalitetar i område som ikkje er avsett til akvakultur i den regionale planen – men der akvakultur ikkje er i strid med kommunens vedtatte arealplanar – skal handsamast etter akvakulturregelverket på vanleg måte. Dette bør presiserast i den regionale kystzoneplanen. Eit nytt avsnitt i § 2.16 vil kunne lyde slik:

«Dei fastsette arealsonene i regionalplanen er ikkje til hinder for at søknader om klargjering av akvakulturlokalitetar vert handsama etter føresegnene i akvakulturregelverket. Regionalplanen er i relasjon til akvakulturlovas § 15 ikkje å rekne som ein arealplan som kan gje rettsverknad etter plan- og bygningslova.»

Det vert bede om at departementet fastset ein føresegn i den regionale kystzoneplanen som gjer denne presiseringa.

I den vedtekne regionalplanen heiter det også i § 2.16 at «*Nye område for akvakultur som vert lagt inn i kommuneplanane skal konsekvensutgreiast.*» Det er samstundes allereie fastsett reglar i plan- og bygningslova og i konsekvensutgreiingsforskrifta § 18 som regulerer korleis plikta til konsekvensutgreiing av kommuneplanen skal gjennomførast. I ein regional plan – som berre verkar å vere ei retningslinje for kommunen – kan det ikkje fastsetjast sakshandsamingsreglar som utvider den plikta til konsekvensutgreiing som allereie følgjer av gjeldande forskrift. Her er det gjeldande lov og forskrift som skal fastsetje innhaldet i plikta til konsekvensutgreiing. Denne setninga i regionalplanens retningslinjer må departementet følgjeleg stryke.

Ein ber også om at det vert lagt merke til at vedlegg II f) til gjeldande KU-forskrift slår fast at det er fylkeskommunen som er relevant mynde når det gjeld behovet for konsekvensutgreiing av tiltak innan akvakultur. Ei planretningslinje som søker å overføre denne mynda til kommunen kjem såleis i konflikt med gjeldande reglar.

7. Er reglane om konsekvensutgreiing følgde for den regionale kystsoneplanen?

Plan- og bygningslovas § 8-3 jf. § 4-2 fastset at kva gjeld regionale planar med retningslinjer, som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, så skal planskildringa innehalde ei konsekvensutgreiing av planens verknader for miljø og samfunn.

I løpet av planprosessen for den regionale kystsoneplanen har det vore i kraft fleire ulike konsekvensutgreiingsforskrifter. Forskriftene både frå 2009, 2014 og 2017 har gjeve føresegn om korleis ei konsekvensutgreiing skal gjennomførast. Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap og nødvendig oppdatering av denne. Der slik kunnskap ikkje føreligg om viktige forhold, så skal det i nødvendig grad innhentast ny kunnskap. Konsekvensutgreiinga, medrekna feltundersøkingar, skal gjennomførast i samsvar med anerkjent metodikk og verta utført av personar med relevant fagleg kompetanse. Konsekvensutgreiinga skal vidare gjere greie for vurderte alternativ, og i nødvendig grad omfatte utgreiingar av relevante og realistiske alternativ, medrekna alternativ lokalisering. Tiltrådd alternativ skal grunngeivast.

I planprogrammet for kystsoneplanen, vedteke i 2013, var det på s. 14 ei liste over dei tema som skulle vere gjenstand for konsekvensutgreiing. Ifølgje planprogrammet skulle følgjande forhold konsekvensutgreiast:

<i>Planen sine verknader for følgjande tema skal utgreiast i konsekvensutgreiinga:</i>	<i>Konkretisering</i>
<i>Tema</i>	
<i>Forureining og utslepp</i>	<i>Her er det først og fremst tenkt utslepp til vatn, både forureinande materiale og smittestoff. Planframlegget sine verknader i høve til lakselus må også utgreiast.</i>
<i>Transportbehov og energibruk</i>	<i>Ved ny struktur for næringsområde på land og i sjø skal transportbehovet og energibruken utgreiast.</i>
<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	<i>Dette vert ein del av kunnskapsgrunnlaget,</i>

	<i>men også planframlegget sine verknader for dette temaet skal utgreiast.</i>
<i>Naturmangfald</i>	<i>Planframlegget sine verknader på naturmangfaldet skal synleggjerast med utgangspunkt i § 8-12 i naturmangfaldlova. Gjennom data frå Hardangerfjordprosjektet kan ein vurdere økosystemtilnærming og samla belastning.</i>
<i>Landbruk, landskap og friluftsliv</i>	<i>Utbyggingsstrukturen på land og i sjø skal utgreiast i høve til verknader på dyrka mark, landskapet og høve for friluftsliv.</i>
<i>Jordressursar</i>	<i>Eventuelle verknader på dyrka mark skal utgreiast.</i>
<i>Beredskap og ulukkesrisiko</i>	<i>Det må utarbeidast risiko- og sårbaranalyse(ROS) for planframlegget. Her må det mellom anna vere fokus på havnivåstigning og ekstremver.</i>
<i>Samfunnsverknader</i>	<i>Verknader for kommuneøkonomi, næringsliv og arbeidsplassar.</i>

I planskildringa til den regionale kystsoneplanen er konsekvensutgreiinga skildra over tre tekstsider på s. 52-54. Austevoll kommune ber departementet vurdere om dette kan seiast å vere ei konsekvensutgreiing i tråd med krava i lov og forskrift, og om det er i samsvar med vedtaket om omfanget av konsekvensutgreiinga i planprogrammet. Det kan til dømes ikkje sjåast at verknader for kommuneøkonomi, næringsliv og arbeidsplassar er konsekvensutgreidde. Det kan heller ikkje sjåast å føreliggje utgreiing av relevante og realistiske alternativ til dei arealsonene og retningslinjer som planen angjev. Skulle departementet kome til at den konsekvensutgreiing som er gjennomført ikkje er i samsvar med krava i gjeldande reglar/det vedtatte planprogrammet, så vil det vere nærliggjande å konkludere med at Hordaland fylkeskommunens planvedtak er ugyldig.

8. Oppsummering - forhold som vert kravd endra i den regionale kystsoneplanen

Det er ovanfor argumentert for at Hordaland fylkeskommunes planvedtak bør opphevast, og heimvisast for fornya handsaming.

For det fall at departementet i staden tar sikte på å endre innhaldet i den regionale planen så ønskjer Austevoll kommune gjerne å kome i dialog med departementet om korleis dette best kan gjerast. Om det er ønskjeleg frå departementets side stiller kommunen gjerne på møte med departementet — og ein vil også kunne gje nærare skriftleg utgreiing på dei planendingane som konkret bør gjerast. Noko er konkret nemnt i framstillinga ovanfor — men dette gjev ikkje noko uttømande handsaming av dei endringane som kommunen meiner bør gjerast.

I brev dagsett 21.11.2017 søkjer Hordaland fylkeskommune å avklare om innvendingar frå råka kommunar står ved lag. Austevoll kommune viser til at dei forholda kommunen har peika på i

høyringsuttaler i hovudsak ikkje er tekne omsyn til i den vedtekne planen, og stadfestar derfor at vesentlege innvendingar står ved lag. Etter plan- og bygningslovas § 8-4 kan ein kommune som vert direkte råka av ein regional plan, og som har vesentlege innvendingar mot planens mål eller retningslinjer, krevje at saka vert brakt inn for departement. Det vert med dette gjort.

Austevoll kommune stiller seg til rådvelde for det fall departementet ser trong for ytterlegare informasjon eller avklaringar frå kommunen.

Med helsing



Morten Storebø
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Bømlo kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Fusa kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesordføraren i Hordaland Hordaland fylkeskommune
Jondal kommune
Kvam herad
Kvinnherad kommune
Stord kommune
Sveio kommune
Tysnes kommune
Vindafjord kommune